
Saksnr: 2021/20689-1
Saksbehandlar: Johan Julius Meyer

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---------------|-------------|------------|
| Fylkesutvalet | | 01.06.2021 |
| Fylkestinget | | 16.06.2021 |

Kjønnsnøytrale stillingsnemningar i Vestland fylkeskommune

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune skal ha kjønnsnøytrale stillingsnemningar for alle sine tilsette.
2. Øvste leiar i fylkesadministrasjonen skal med verknad frå 1. juli 2021 ha stillingsnemninga fylkeskommunedirektør.

Samandrag

Saksutgreiinga gjer kort orientering om bakgrunnen for forslaget om å innføre prinsippet om kjønnsnøytrale stillingsnemningar.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Nemninga «fylkesrådmann» og «rådmann» er ein mykje brukt og godt innarbeidd stillingsnemning innan offentleg forvaltning. Både i forarbeidet til den nye kommunelova og under framlegget i Stortinget er det lagt stor vekt på eit ønskje om å gå bort frå nemningar som ikkje er kjønnsnøytrale. Regjeringa legg stor vekt på at stillingsnemningar i offentleg sektor må vere heilt opne både for menn og kvinner. Regjeringa har difor gjort vedtak om å endre kjønnsnesifikke stillingsnemningar til å bli kjønnsnøytrale i staten sine verksemdar. Dette er mellom anna gjennomført der nemninga fylkesmann no er endra til statsforvaltar.

Likestillings- og diskrimineringsombodet har også i fleire år gått inn for endring til kjønnsnøytrale stillingsnemningar, dette vil fremje likestillingsperspektivet og gjev bidrag til å oppnå kjønnsbalanse i kvardagen.

Vestland fylkeskommune vil at likestillingsperspektivet også skal vere sentralt for fylkeskommunen, og det vil vere viktig at dette også går fram av nemninga for den øvste ansvarlege leiar i fylkesadministrasjonen.

I samband med ei slik endring vil det vere naturleg at nemninga for nivå 2 leiar vert justert for å unngå mistydingar. Den noverande nemninga «fylkesdirektør» vil difor bli endra til «avdelingsdirektør».

Vedtakskompetanse

Fylkestinget, jfr. Kommunelova § 13-1.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Ikkje relevant

Klima:

Ikkje relevant

Folkehelse:

Ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Tiltaket har ein viktig signaleffekt og er med på å setje retning for utviklinga av Vestland, både som fylke og organisasjon. Tiltaket stør opp om målet i utviklingsplanen om å skape like moglegheiter til å delta i verdiskapinga i samfunnet.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune innfører prinsippet om kjønnsnøytrale stillingsnemningar. Som konsekvens av dette vert nemninga for øvste leiar av administrasjonen endra til fylkeskommunedirektør.